


Fyresegner
for



Ole og Inga Røiseths Legat for fremjing av skogplanting
i Askvoll.

§ 1.

Ole og Inga Røiseths Legat for fremjing av skogplanting
i Askvoll herad var den 1.1.1954 på kr. 222.705,81.
Det skal ha sitt sete i Askvoll, styrast etter reglane
for offentlege legat og vera underlagt same tilsynet
som slike legat.

§ 2.

Fyremålet med legatet er å tena skogsaki i Askvoll
herad med å gjeva tilskot til folk som vil driva
skogreisingsarbeid i heradet t.d. planting, såing,
markriving eller grøfting, eller som vil kjøpa seg
reidskap til slikt arbeid, halda gjerde til vern um
ungskog, kjøpa inn skogsmark til bruk for skogreising
eller liknande tiltak.

Tilskotet må ikkje nyttast til anna enn utlegg som
staten ikkje tek på seg og ikkje vera so stort som
det mottakaren må ut med sjölv.

Skulde gjeldande fyresegner um forbod mot skadehogst
verta avtekne, skal vilkåret for tilskot vera at mot-
takaren skriftleg stadfester at det ikkje skal verta hogge
i skogen utan fylkesskogmeistaren har samtykt, og tek
ved at han skal svara ei bot, fastsett av legatstyret,
um lovnaden vert broten. Stadfestinga må tinglysast.

Kvart år kan ein høveleg sum, til å byrje med upp til
kr.500,- for året, nyttast til skiping av skulehagar
i heradet, etter at skulestyret har gjeve tilråding,
til såing av skog og uppaling av skogplanter. Arbeidet
skal dei eldste skuleborni gjera under tilsyn av lærarar
som har kunnskapar nok.

Skulle dei som sit i legatstyret ikkje verta samde um
spursmål av det slaget som det trengst kunnskap i
skogstell til å avgjera, skal styret for Vestlandske
Forsøksstasjon i Bergen taka avgjerdi, men ei onnor
fagleg styremakt, utpeikt av Fylkesmannen i Sogn og

Fjordane , um styret i forsöksstasjonen ikkje vil avgjera spursmålet.

§ 3.

Styret for legatet skal sorenskrivaren i Sunnfjord og fylkesskogmeistaren i Sogn og Fjordane vera. Skulde dei ikkje vilja taka på seg umbodet eller ynskje å gå ut or styret, skal dei oppmoda fylkesmannen i Sogn og Fjordane til, i samråd med styraren av Vestlandske Forsöksstasjon i Bergen, å nemna upp ein eller tvo lokalkjende og fullføre menn som står fritt, til å taka på seg å styra legatet. Eit styre som er oppnemnt soleis, skal avgjera korleis legatavkastingi skal nyttast og, når heradstyret har sagt si meining, fastsetja kva form tilskoti skal ha.

§ 4.

So lenge det styret Ole og Inga Røiseth har peika ut gjer teneste, har det makt til å avgjera alle administrative og rettslege spursmål som kjem upp i samband med styringi. For arbeidet skal kvar av dei ha kr.100,- for året og få att utlegg og kostnad dei har som legatstyre. Löni kan aukast til det duble um arbeidet vert større enn pårekna og stiftsdireksjoner samtykkjer.

Styret skal føre bok når det held möte.

Fyre fyrste mars kvart år skal styret senda avskrift av rekneskapen til stiftsdireksjonen som legg rekneskapen fram for vedkomande departement til ettersyn (revisjon) og melding um verksemd i åt legatet til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

§ 5.

Legateiga skal vera urörleg og setjast ut i samsvar med reglane som til kvar tid gjeld um eiga til offentlege legat.

Aksjane som legatet eig, skal, iminsto ~~ikkje~~ for det fyrste, ikkje gjerast i pengar eller leggjast i onnor eige, og ikkje seinare heller utan verdet kan setjast

i minst like trygge og gode eigneluter med minst like god inntekt.

Berre årsinnkoma kan nyttast til hjelp for skogdyrking. Vert noko av inntekta eit år ikkje nytta det året, kan pengane nyttast fyrste, andre eller tridje året deretter. Pengar som ikkje er nytta då heller, skal leggjast til kapitalen.

§ 6.

Kjem den dagen at legatet ikkje trengst lenger til fyremålet sitt, skal avkastingi nyttast på tilsvarande måte til framhjelp av andre ålmennyttige tiltak i Askvoll herad. Når det ikkje er slike tiltak å nytta pengane til heller, skal dei kunne nyttast til liknande tiltak i næraste kystbygdene, fyrst og framst til skogreisingsarbeid.

§ 7.

Legatstyret avgjer um ~~NÅR~~ og når tidi er komi til å gjennomføre det som er sagt i § 6. Vedtaket gjeld ikkje fyrr det er godkjent av vedkomande departement.

Förde i Sunnfjord, den 1. januar 1954.

Einar Stavang
Einar Stavang

B. Vonen
B. Vonen

ET F I
1954
GATKTR.